



Ella Karina Hjørnevåg var ein av dei første som jobba i verkstaden og her er ho med ferdige produkt1 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Systrene Nilsen har eit rikholdig påskeprogram og den siste posten som er lansert er påskeverkstad for dei minste. Den opnar i ettermiddag klokka 17 og varar i 2 timar. Det er den samme opningstida torsdag og fredag men laurdag er verkstaden ope frå 12 til 18.

Hva er så verkstaden?Frødis Nilsen Mathisen opplyser at det er 4 aktivitetar. Det er pynting og maling av egg, syng av eggevarmarar, syng av fugl med oppheng og maling av påskekylling.

Det kostar 50 kroner pr. born til dekkjing av materiell for 3 aktivitetar..
Born under 10 år bør få hjelp av ein vaksen.

Drivar Morten Nilsen kan ellers opplysa at det er innmeldt 80 gjestar til lammekveldane fredag og laurdag. Det er plass til ytterlegare 5 den første og 20 den andre dagen.

Til quizen torsdag er det innmeldt 7 lag og fleire er velkomne enten på nettet, facebook eller telefon-nummer 910 02207. Også lag som var med i Helgheim har meldt seg og får kanskje revansje?

Av Ola Matti Mathisen